



## SAKSFRAMLEGG

|                                       |                          |
|---------------------------------------|--------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b> Marianne Soleng | <b>Arkivkode:</b> FA-U63 |
| <b>Arkivsaksnr:</b> 16/737            | <b>Løpenr:</b> 17/1851   |
| <b>Sakstype:</b> Politisk sak         |                          |

| SAKSGANG                  |            |         |          |
|---------------------------|------------|---------|----------|
| Styre, utval, komité m.m. | Møtedato   | Saksnr. | Saksbeh. |
| Formannskapet             | 23.02.2017 | 010/17  | MS       |
| Kommunestyret             | 16.03.2017 | 007/17  | MS       |

### KLAGE PÅ VEDTAK - SKJENKELØYVE ALKOHOLHALDIG DRYKK - RS SIKKERHET AS I LOKALE VARMESTOVA TIL EIKEDALEN SKISENTER AS

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

#### 23.02.2017 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Odd Arne Haga (Frp): Sette fram framlegg om å sende saka over til kommunestyret utan tilråding. Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### FORM-010/17 VEDTAK:

Saka vert send til kommunestyret utan tilråding.

#### 16.03.2017 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

**Brigt Olav Gåsdal (A)** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*RS Sikkerhet AS får løve til alkoholservering i Eikedalen Skisenter i samsvar med søknad. Løyvet vert gjeve med ei prøvetid fram til ut sesongen 2017-2018.*

*Vilkår for løyvet:*

*Utandørs areal for servering skal vera inngjerda slik at ingen får tilgang utan å gå gjennom det innandørs skjenkelokalet.*

*Det skal innafor opningstida for skjenking vera tilstrekkeleg med politigodkjende vakter.*

*Samnanger kommune vil særskilt peika på at skjenking av synleg rusa personar ikkje skal skje.*

Det vart avhalde eit gruppemøte etter ønskje frå **Monica Tjønnna (Sp)**.

**Monica Tjønnna (Sp)** sette fram følgjande framlegg til vedtak.

*Samnanger kommune gjev ikkje løyve til at RS Sikkerhet får selja alkoholhaldig drikke i Eikedalen skisenter.*

**Ingvild R. Bogevik (Frp)** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Klagen vert ikkje imøtekommen. Skjenkeløyve frå klokka 12.00 - 24.00 fredag og lørdag som ei prøveordning. Løyve gjeld klasse 1 og 2.*

**Knut Harald Frøland (Bl)** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Som søkt med unntak av gruppe 3 som det ikkje blir gitt skjenkeløyve til.*

*Vilkår for løyvet:*

*Utandørs areal for servering skal vera inngjerda slik at ingen får tilgang utan å gå gjennom det innandørs skjenkelokalet.*

*Skjenkeløyve gjeldt som eit prøveprosjekt fram til og med påske 2018.*

Etter gruppemøtet, sette **Brigt Olav Gåsdal (A)** fram følgjande nytt framlegg til vedtak.

*RS Sikkerhet AS får løve til alkoholservering i Eikedalen Skisenter i samsvar med søknad med følgjande endring: Det vert ikkje gjeve løyve til skjenking av alkoholhaldig drykk i gruppe 3. Løyvet vert gjeve med ei prøvetid fram til ut sesongen 2017-2018.*

*Vilkår for løyvet:*

*Utandørs areal for servering skal vera inngjerda slik at ingen får tilgang utan å gå gjennom det innandørs skjenkelokalet.*

*Det skal innafor opningstida for skjenking vera tilstrekkeleg med politigodkjende vakter.*

Både **Knut Harald Frøland (Bl)** og **Ingvild R. Bogevik (Frp)** trekte sine framlegg til vedtak.

Det vart røysta over framlegga frå representanten Gåsdal og representanten Tjønnna.

Resultatet av røystinga vart som følgjer:

| For framlegg til vedtak frå Brigt Olav Gåsdal (A) | For framlegg til vedtak frå Monica Tjønnna (SP) |
|---|---|
| Nils Aadland (A)                                  | Kristian Jørgensen (KrF)                        |
| Brigt Olav Gåsdal (A)                             | Gunn Totland Moss (KrF)                         |
| Vidar Tveiterås (A)                               | Solveig Vassenden (Bl)                          |
| Gunn Østvik Petersen (A)                          | Øyvind Røen (Sp)                                |
| Harald Boge (A)                                   | Monica Tjønnna (Sp)                             |
| Øyvind Strømmen (MDG)                             |   |
| Arild Røen (H)                                    |   |

|  |                   |
|--|-------------------|
| Sture Tveit (H)                        |                   |
| Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig) |                   |
| Karl B. Kollbotn (Frp)                 |                   |
| Gunnar Bruvik (Frp)                    |                   |
| Ingvild R. Bøgevik (Frp)               |                   |
| Knut Harald Frøland (Bl)               |                   |
| Lena Tveit (Bl)                        |                   |
| Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)         |                   |
| Martin Haugen (Bl)                     |                   |
| Totalt: 16 røyster                     | Totalt: 5 røyster |

Framlegg til vedtak frå Brigt Olav Gåsdaal vart vedteke med 16 mot 5 røyster.

#### **KS-007/17 VEDTAK:**

RS Sikkerhet AS får løve til alkoholserving i Eikedalen Skisenter i samsvar med søknad med følgjande endring: Det vert ikkje gjeve løyve til skjenking av alkoholhaldig drykk i gruppe 3. Løyvet vert gjeve med ei prøvetid fram til ut sesongen 2017-2018.

Vilkår for løyvet:

Utandørs areal for servering skal vera inngjerda slik at ingen får tilgang utan å gå gjennom det innandørs skjenkelokalet.

Det skal innafor opningstida for skjenking vera tilstrekkeleg med politigodkjende vakter.

#### **Dokument som er vedlagt:**

Klage på mottatt skjenkeløyve

Skjenkebevilling EIKEDALEN..docx

Vedtak KS 103/16 - Skjenkeløyve alkoholhaldig drykk - RS Sikkerhet AS i lokala til Eikedalen skisenter AS

#### **Dokument som ikkje er vedlagt:**

Alkoholloven med forskrifter

Søknad om skjenkeløyve

#### **Kva saka gjeld:**

Samnanger kommune mottok søknad om skjenkeløyve for alkoholhaldig drykk frå RS Sikkerhet AS den 12.september 2016. Saka var oppe til handsaming i kommunestyremøte 15. desember 2016. Melding om politisk vedtak (KS 103/16) vart sendt til søkjar 28.desember 2016 med opplysningar om klagerett.

Den 17.januar 2017 mottok Samnanger kommune klage på vedtak i sak KS 103/16 frå RS Sikkerhet AS. Klagen er sendt til kommunen innan fristen på tre veker etter at melding om vedtak er motteken av søkjar.

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

RS Sikkerhet AS klagar på følgjande vedtak:

##### **KS 103/16:**

«RS Sikkerhet AS (org.nr: 998 752 388) får med heimel i Alkoholloven §1-6 løyve til skjenking av alkoholhaldig drykk (gruppe 1,2 og 3 jf. Alkoholforskriften §1-1) i Eikedalen skisenter AS(org.nr:

931 921 568) sitt lokale «Varmestova» på fredagar og laurdagar frå kl.15:00 – 24:00.  
Skjenkeløyvet vert gjeve med ei prøveordning på eitt år.»

Søkjær har i hovudsak klaga på skjenketida som er gjeve i løyvet.

RS Sikkerhet AS skriv at om verksemda skal vera berekraftig, er det viktig at alkoholserveringa opnar kl.12:00.

Eit løyve som berre gjeld fredagar og laurdagar kan skapa utfordringar i vinterferie og påskeferie heiter det seg i skrivet frå RS Sikkerhet AS. Det er difor eit ønskje frå søkjar om å ha eit skjenkeløyve som gjeld alle dagar desse vekene.

I tillegg kjem det fram i skrivet at det er ønskjeleg at løyvet også skal gjelda for eit avgrensa uteareal. Dette vart ikkje omtala i søknaden som vart handsama av kommunestyret i desembermøte i 2016.

Søkjar skriv vidare at om lag 90% av gjestane vel å sitja ute i tidsrommet 12:00 til 17:00 på «Afterski». Dei understrekar at dei vil ha autoriserte vaktar til stades under heile skjenketida.

Skal ein gje skjenkeløyve på eit uteareal er det viktig at arealet er fysisk avgrensa slik at besøkjande ikkje kan ta seg inn eller ut av området utan å gå gjennom skjenkelokalet. Det er kommunen som godkjenne dette uteområdet.

Det bør i tillegg vurderast om det skal setjast aldersgrense for besøkjande i skjenkelokalet eventuelt med eit tilhøyrande uteområdet.

Om kommunestyret vel å oppretthalda vedtaket i saka, vert klagen vidare sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjersle.